

Åpning av det 125. ordentlige Storting.

President: Guttorm Hansen.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg torsdag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 125. ordentlige Storting ved dets åpning:

Hr. President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil stille i forgrunnen:

- trygghet for arbeid og inntekt, i en verden med massearbeidsløshet og store økonomiske problemer,
- fast nasjonal styring av oljevirkksomheten og oljeinntektene,
- en tilfredsstillende løsning av fellesoppgavene,
- videreføring av demokratiseringen av viktige deler av samfunnslivet.

Med den økte uro og spenning i verden legger Regjeringen særlig vekt på å medvirke til avspenning, nedrustning og gjensidig rustningskontroll. Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk basert på et gjensidig forpliktende internasjonalt samarbeid og med vekt på å styrke De forente nasjoner.

Samarbeidet i den nord-atlantiske alliansen forblir en hjørnestein i vår sikkerhetspolitikk. Forsvaret utvikles i samsvar med de vedtatte hovedretningslinjene.

Samarbeidet i Norden, med vest-europeiske land og med Nord-Amerika vil fortsatt være sentrale ledd i norsk utenrikspolitikk. Samtidig er det viktig at forbindelsene med Sovjet-Unionen og Øst-Europa blir utviklet videre.

Vi vil fortsatt arbeide for bedre vilkår for utviklingslandene, både gjennom flersidige og tosidige samarbeidsformer. Regjeringen er særlig opptatt av å få til endringer i retning av en ny økonomisk verdensorden.

Regjeringen vil bidra til at arbeidet for å fremme menneskerettighetene blir tillagt større vekt. Vi vil gå inn for sterkere internasjonale tiltak for forsvarlig forvaltning av verdens naturressurser og for å motvirke omfattende miljøødeleggelser. Regjeringen legger stor vekt på at en når fram til enighet om en ny havrettskonvensjon.

Regjeringen vil internasjonalt støtte en po-

litikk som leder til større vekst og mindre ledighet og å motarbeide tendenser til økt proteksjonisme.

Full sysselsetting vil som hittil være hovedmålet for Regjeringens økonomiske politikk. For å trygge sysselsettingen må veksten i priser og kostnader dempes. Bedring av industriens konkurransevne vil være et hovedtema for den meldingen om industripolitikk som Regjeringen vil legge fram.

Regjeringen vil samarbeide med partene på arbeidsmarkedet for å få til en inntektsutvikling som er i samsvar med landets økonomiske bæreevne og ønsket om en dempet prisvekst. Samtidig må det legges spesiell vekt på hensynet til grupper som står svakt. Det vil bare lykkes hvis en samtidig fører en stram etterspørselsregulering.

Regjeringen vil føre en aktiv arbeidsmarkedspolitikk for å sikre full sysselsetting. Det foreslås tiltak for svake grupper på arbeidsmarkedet, med særlig vekt på tilbud for grupper av kvinner, ungdom og yrkeshemmede. Regjeringen foreslår også for 1981 en beredskapsplan for arbeidsmarkedstiltak.

Regjeringen vil følge opp arbeidet med reform av beskatningen, med forslag om endringer i skatteleggingen både av personer og bedrifter.

Regjeringen legger vekt på bedring av arbeidsmiljøet og vil legge fram et program for arbeidet med disse spørsmål i 1980-årene. I en melding om boligpolitikken vil Regjeringen trekke opp retningslinjer for å oppnå en sosialt forsvarlig boligfinansiering og en stabil boligbygging, med utbedring av eldre boliger. Det siste vil sammen med andre tiltak også bidra til et bedre miljø i byene.

En økende del av planleggingen og virkemidlene må ligge i hendene på de lokale myndigheter. Regjeringen vil legge fram meldinger om regionalpolitikk og planlegging, og om den regionale utvikling og distriktpolitikken. Særlig vekt vil bli lagt på Nord-Norges problemer.

Jord- og skogbrukspolitikken vil bli ført videre etter de retningslinjer som Stortinget har sluttet seg til. Regjeringen vil legge fram melding om rullering av langtidsplanen for fiskerinæringen. Det tas sikte på en bedre tilpassing av flåte og foredling til råstoffgrunnlaget. De reduserte fiskebestandene må bygges opp igjen gjennom sentrale reguleringstiltak og ved samarbeid med andre land.

Meldingen om Norges framtidige energibruk og -produksjon vil bli fulgt videre opp på grunnlag av Stortingets behandling.

Regjeringen vil legge fram en melding om ilandføring av gass fra Statfjord-feltet. En vil søke å styrke norsk industri og forsknings-

miljø både ved samarbeid med rettighetshaverne på kontinentalsokkelen, og gjennom energi- og industridrøftelser med en del andre land. Utdanningen med sikte på oljevirkosheten vil bli bygd vidare ut.

Regjeringen vil legge fram retningslinjer for naturvern og ressurs- og miljøvernpolitikken i 1980-årene. Som ledd i å bedre mulighetene for allmennhetens friluftsliv, vil det bli lagt fram en melding om båtliv. Det tas også sikte på å opprette en nasjonalpark i Jotunheimen. En vil gradvis ta i bruk ressursregnskaper og ressursbudsjett for å få til en bedre samordning av forvaltningen av ressurser.

Regjeringen vil legge fram meldinger om kulturpolitikk, og om ungdommens vilkår.

Som ledd i arbeidet for barns rettigheter og velferd, har Regjeringen foreslått opprettet et barneombud med sikte på at ordningen skal settes i verk i 1981. Utbygging av barnehager forblir en høyt prioritert oppgave.

Regjeringen vil utarbeide en handlingsplan for likestilling mellom kjønnene med forslag om flere og mer effektive virkemidler. Trygge kår for familiene er et viktig grunnlag for en god samfunnsutvikling. Regjeringen vil legge fram en melding om tiltak som kan bedre levekårene til familier med barn. For å bedre helsetilbudet og de sosiale hjelpetjenester i nærmiljø vil Regjeringen legge fram lovforslag om organisering og finansiering av helse- og sosialtjenestene i kommunene. Det vil bli foreslått tiltak for å bedre rettssikkerhet for psykiatriske pasienter.

Regjeringen vil følge opp stortingsmeldingen om alkoholpolitikken med forslag om konkrete tiltak og økt informasjons- og forsøksvirksomhet.

Regjeringen vil legge fram meldinger om Norsk Vegplan og om reiselivspolitikken. Det vil bli satt inn nye, mer effektive fly på en del av kortbaneplassene i Nord-Norge.

Regjeringen vil sammenfatte sin langsiktige politikk i meldingen om Langtidsprogrammet 1982–1985.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 125. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Einar Førde:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har arbeidd aktivt i Dei sameinte nasjonane og andre internasjonale organ for å fremje det mellomfolkelege samarbeidet med

sikte på avspenning, fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd. Som medlem av Tryggingsrådet for perioden 1979–80 er Noreg pålagt eit særleg ansvar i arbeidet for å verne freden og tryggleiken i verda. Vi må derfor i større grad enn vanleg, og ofte på kort varsel, ta stilling i internasjonale konfliktspørsmål.

Noreg har teke del i FN-styrken i Libanon (UNIFIL) sidan den vart oppretta i 1978. Styrken har som oppgåve å hjelpe til å atterskape fred og tryggleik i Libanon, og dermed vere med på å styrkje stabiliteten i heile Midt-Austen.

I FN og andre internasjonale organ har Noreg stødd dei folka som enno kjempar for fri-dom og menneskeverd.

Noreg har i Tryggingsrådet og i den ekstraordinære generalforsamlinga om Afghanistan teke avstand frå Sovjetunionens innmarsj i landet, og stør arbeidet for ei politisk løysing av konflikten.

Regjeringa har helst velkommen skipinga av fleirtalsstyre tufta på frie og rettferdige val i Zimbabwe. Regjeringa vil stø denne nye, sjølvstendige staten i startfasen, og gjere framlegg om å opprette ein ambassade der som ledd i utbygginga av sambandet med landa i det sørlege Afrika.

Regjeringa seier seg lei for at det internasjonale strevet for å få gjennomført FN-planen for frie val i Namibia, ikkje har ført fram.

Noreg gjev humanitær hjelp til dei undertrykte folka i det sørlege Afrika. Hjelpa vil framleis bli kanalisert gjennom norske og internasjonale hjeleorganisasjonar og gjennom afrikanske frigjeringsrørslar.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet for å styrkje det internasjonale vernet om menneskerettane, og har stødd framlegget om å opprette ei stilling innan FN som Høgkommisær eller visegeneralsekretær for menneskerettar. Vidare har Noreg stødd arbeidet for å avskaffe tortur, dødsstraff, rasisme, rasediskriminering og religiøs intoleranse. Saman med dei andre nordiske landa har Noreg engasjert seg spesielt i arbeidet for å fremje interessene til urfolka.

Noreg gjev omfattande hjelp til flyktningar i mange land. I den seinare tida har ein særleg konsentrert seg om flyktningkatastrofen i Sørøst-Asia. Regjeringa vedtok i 1979 at Noreg skal ta imot 3 000 flyktningar frå Indo-Kina. Mange båtflyktningar frå Vietnam er alt komne til landet, og nye blir stadig tekne opp av norske handelsfarty i området.

I FN, NATO og andre internasjonale fora har Noreg arbeidd aktivt for rustingskontroll og nedrusting. Eit overordna mål for Noreg er å oppnå like stor tryggleik på eit lågare rus-

tingsnivå gjennom gjensidig nedrustning.

Regjeringa legg særleg vekt på arbeidet med å hindre spreiding av atomvåpen til fleire land. I samsvar med dette har Noreg teke aktivt del i arbeidet under Ikkjespreiingstraktatens andre tilsynskonferanse. Vidare har Noreg teke aktivt del under tilsynskonferansen til Konvensjonen om bakteriologiske våpen, der Noreg hadde formannsvaret. Noreg har dessutan engasjert seg sterkt i arbeidet i FN for å kunne frigjere ressursar frå rustingsformål til utviklingsformål.

Forhandlingane i Wien om gjensidige styrkereduksjonar blir sedde på som viktige. Frå norsk side prøver ein å sikre seg at partane tek nødvendige omsyn til dei interessene flankelanda har.

Noreg har lagt stor vekt på at det skulle komme i gang forhandlingar mellom USA og Sovjetunionen om avgrensingar av dei langt-rekkjande atomrakettane i Europa, slik at ein kan oppnå balanse på eit så lågt nivå som mogleg.

I den noverande vanskelege internasjonale situasjonen har Regjeringa lagt vinn på framleis å ha eit korrekt og sakleg godt naboforhold til Sovjetunionen og på å ta vare på lågspenninga og stabiliteten i vår del av verda. Derfor har ein lagt vekt på at vitale kanalar austover blir haldne opne. Kontaktane med dei austeuropeiske landa er utvikla vidare.

Som ledd i avspenningsprosessen har Noreg målmedvete arbeidd for at sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa skal bli sett i verk på balansert vis av alle deltakarstatane. Samstundes har Noreg teke aktivt del i førebuingane til det nye oppfølgingsmøtet i Madrid, og lagt stor vekt på tillitsskapande tiltak på det militære området, menneskerettane og menneskelege kontaktar og miljøvern.

Regjeringa har halde fram den linja som går ut på å tryggje landet gjennom nasjonal forsvarsinnsetning og forpliktande samarbeid i NATO. Dette samarbeidet gjer det mogleg med effektivt alliert forsvarshjelp og lettare for oss å unngå å utfordre andre land gjennom forsvarspolitikken vår, noko Noreg har pålagt seg sjølv. Vidare kan vi gjennom samarbeidet i NATO lettare arbeide for avspenning, gjensidig nedrusting og rustingskontroll.

Regjeringa har lagt vekt på å fremje dei nære tosidige kontaktane med andre vest-europeiske land, m.a. gjennom statsminister- og statsrådgjesterar. Ein vil prøve å styrkje Europarådet som mellomstatleg samarbeidsorgan i Vøst-Europa. Noreg hadde formannstillinga i ministerkomiteen i Europarådet siste halvåret i 1979. Frå norsk side har ein m.a. gått inn for at Europarådet må gjere

meir for å hjelpe medlemsland med store sosiale og økonomiske problem.

I samarbeidet mellom dei einskilde EFTA-landa og EF har Noreg uttrykt ønske om å prioritere økonomisk politikk, industripolitikk, olje- og energispørsmål, teknologi, transport og miljøvern. På dei fleste av desse områda er samarbeidet godt i gang.

Samarbeidet mellom dei nordiske landa har vore ført vidare. Spørsmålet om eit utvida økonomisk samarbeid og om ein nordisk radio- og fjernsynssatellitt står stadig sentralt i Nordisk Råd og Ministerrådet. Statsministerrane i dei nordiske landa har slutta seg til retningslinjer som kan tene som grunnlag for det vidare energipolitiske samarbeidet i Norden.

Noreg har halde fram med arbeidet for å styrkje kontaktane og utvide det økonomiske samarbeidet med land i Afrika, Asia, Sør- og Mellom-Amerika og Stillehavet, særleg i Midt-Austen, det sørlege Afrika og det karibiske området.

På grunn av det klare folkerettsbrottet som iranske borgarar gjorde seg skuldige i då dei den 4. november 1979 okkuperte den amerikanske ambassaden i Teheran og tok diplomatar og ambassadefunksjonærar som gissel, innførte Noreg visse handelssanksjonar mot Iran den 20. juni 1980.

Samarbeidet med utviklingslanda når det gjeld utviklingshjelp og andre økonomiske samband, er vorte ført vidare i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har slutta seg til.

Dei offentlege overføringane frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid var i 1979 på i alt 2 169,8 millionar kroner, som svarte til 0,93 prosent av bruttonasjonalproduktet. Det er ein auke frå 1978 på 309,1 millionar kroner, eller 16,6 prosent. Noreg er eit av dei få landa som oppfyller FN's målsetjing om offentlege overføringar på 0,7 prosent av bruttonasjonalproduktet til utviklingsland. Av den norske hjelpa til utviklingsland i 1979 gjekk 58,0 prosent til tosidige og 42,0 prosent til fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1978 var 54,3 og 45,7 prosent. Av den tosidige hjelpa vart 8,7 prosent administrert av internasjonale organisasjonar, mot 8,6 prosent i 1978.

Størstedelen av hjelpa til hovudsamarbeidslanda (i Afrika og Asia) blir gjeven som finansiell og fagleg stønad til utviklingsprogram og -prosjekt i landa og varestønad eller importstønad. Det er inngått ei rekkje avtaler om norsk økonomisk og fagleg hjelp med desse landa. Av desse kan særleg nemnast vidareføring av prosjekteringa av eit kraftverk i Tanzania og vidareføring av eit omfattande

vassforsyningsprogram i Zambia. Til Tanzania har det vorte gjeve budsjetstønad på 45,5 millionar kroner. Vidare har ein innleidd forhandlingar med Kenya om eit distriktsutviklingsprogram i Turkana-området.

Utanom hovudsamarbeidslanda vil ein særleg nemne at Noreg har bode seg til å gje utviklingsstønad til Zimbabwe fram til utgangen av 1982. Vidare er det inngått ei avtale med Sudan og Kenya om prosjektering av ein riksveg mellom dei to landa. I samband med norske kommersielle leveransar til Nigeria, Senegal og Sudan er det inngått avtaler om stønad til opplæring for til saman 13 millionar kroner.

Hjelpa til Vietnam er vorten redusert i samsvar med eit regjeringsvedtak om å dra tilbake midlar etter skyteepisodar om bord i norskfinansierte fiskefarty i 1979. Ein reknar med at norske hjelpeengasjement innanfor fiskeri- og oljeverksemd skal trappast ned og avviklast før utgangen av 1981. Det einaste prosjektet som vil stå att etter denne tid, vil vere rehabiliteringssenteret for krigsskadde, som Regjeringa har vedteke å fullføre på grunn av den humanitære karakteren prosjektet har.

Samarbeidet med Portugal er vorte ført vidare. I tillegg til aktiviteten innan jordbruk, skogbruk, fiske, undervisning og helsearbeid står Noreg både teknisk og økonomisk utviklinga av eit nasjonalt laboratorium for maskinteknisk og industriell forskning.

Det økonomiske samarbeidet med Jamaica held fram. Hjelpa femner om sjøtransport (særleg opplæring), leiaropplæring og utvikling av bedriftsdemokrati. Jamaica har teke mot 20 millionar kroner i budsjetstønad i 1980, og konsulentfondet er tilført 3 millionar kroner. Det blir òg arbeidd med kommersielle planar innanfor skipsfart og aluminiumsindustri.

Når det gjeld Tyrkia, står enno konsulentfondet på 2 millionar kroner ved lag. Noreg har gjeve tilsegn om 50 millionar kr. i budsjetstønad i 1980 som ein del av OECD-aksjonen for Tyrkia.

Til dei internasjonale hjelpeinstitusjonane er Noreg framleis etter måten mellom dei største bidragsytarane. I 1979, som i tidlegare år, var FN's utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) dei som fekk mest av norsk fleirsidig utviklingshjelp. Desse to organisasjonane fekk åleine 40 prosent av den norske fleirsidige stønaden i 1979. Forhandlingane om den sjetteste kapitaltilskottsrunden i IDA er avslutta, og Noreg har teke på seg ein større del av bidraga for 1980–82 enn i nokon tidlegare periode. I 1979 vart det tilgjenge for ikkje-afrikanske land i

Den afrikanske utviklingsbanken, og Regjeringa har gått inn for at Noreg skal bli medlem så snart dei afrikanske landa har ratifisert dei endringane i bankavtala som er naudsynte.

Noreg har teke del i ei rekkje internasjonale møte om utviklingspolitiske spørsmål, såleis i møtet i Det økonomiske og sosiale rådet (ECOSOC) og i den tredje generalkonferansen i FN's organisasjon for industriell utvikling (UNIDO III).

Ein har på norsk side teke aktivt del i forhandlingane om ein ny internasjonal utviklingsstrategi for 1980-åra (FN's tredje utviklingstiår) og drøftingane til førebuing av FN's nye globale forhandlingsrunde om internasjonalt økonomisk samarbeid for utvikling.

Noreg har vidare teke aktivt del i sluttforhandlingane om Det felles fondet for finansiering av internasjonale støytputelager av råvarer og i forhandlingane om eit integrert råvareprogram. Noreg har slutta seg til den internasjonale rågummiavtala.

Oljesituasjonen har gjort det endå meir nødvendig med det breie internasjonale samarbeidet som er komme i stand på energiområdet. Noreg tek aktivt del i dette arbeidet, som har som hovudmålsetjing å medverke til auka energisparing og mindre oljeforbruk.

Regjeringa har gjennomført ein landsomfattande kampanje for å skape større forståing for kor viktig det er å auke norsk eksport. Dei tilrådingane som er gjevne i St.prp. nr. 87 (1978–79) Langsiktige tiltak for å fremme norsk eksport er følgde opp. Utanrikstenesta har styrkt innsatsen for å fremje eksporten.

Regjeringa har avslutta forhandlingane med Kommisjonen for Det europeiske fellesskap om tilpassingar i frihandelsavtala som følgje av gresk medlemskap i EF. Interimsavtala for handelen med Spania innanfor ramma av EFTA har teke til å gjelde.

Dei fleste avtalene som gjeld tariffære og ikkje-tariffære handelshindringar, som vart inngåtte under dei nyleg avslutta multinasjonale handelsforhandlingane i GATT, tok til å gjelde 1. januar i år.

Regjeringa har ført vidare arbeidet med å fremje norsk eksport. Det er lagt særleg vekt på å stø det marknadsføringsarbeidet som bedriftene sjølve driv.

Regjeringa har halde fram med arbeidet for å styrkje samarbeidet mellom Noreg og Sovjetunionen og å utvikle vidare dei tosidige handelssambanda med landa i Aust-Europa.

Det økonomiske samkvemmet med Kina er utvida. I det siste året har dei to landa ofte utveksla delegasjonar.

I OECD har Noreg arbeidd for ei meir aktiv

holdning overfor arbeidsløseproblemet. Ein har gått inn for å få i stand ein kortsiktig tiltaksplan med sikte på at land som har rom for ekspansjon, skal kunne gje nødvendige impulsar til ny økonomisk oppgang. Vidare har ein arbeidd for planar på mellomlang sikt som kan sikre sterkare og meir stabil vekst i produksjon og sysselsetjing.

Styresmaktene for norsk skipsfart har teke aktivt del i internasjonale skipsfartspolitiske drøftingar i organ som OECD og UNCTAD. Målet med desse drøftingane frå norsk side er å unngå proteksjonistiske tiltak i internasjonal skipsfart.

Noreg var aktivt med i arbeidet på den 9. sesjonen av FN's havrettskonferanse. Konferansen har til oppgåve å nå fram til ein ny konvensjon om folkeretten for havet. I arbeidet inngår m.a. spørsmål om storleiken på sjøterritoriet, eksklusiv økonomisk sone, yttergrensa for kontinentalsokkelen, avgrensinga av sokkelen og den økonomiske sona mellom nabostatar og skipinga av ein internasjonal organisasjon til å styre med mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare skal traktaten innehalde reglar for løysing av tvistar som måtte komme opp i samband med bruken av traktaten. På den 9. sesjonen vart det semje om hovuddraga i regelverket for utnyttinga av mineralrikdommane på dei store havdjupa. Dette har vore det vanskelegaste spørsmålet å løyse for konferansen. Det er no gode utsikter til at havrettskonvensjonen kan bli underskriven sommaren 1981.

Avtala mellom Noreg og Sovjetunionen om ei mellombels praktisk ordning for fisket i eit tilstøytande område i Barentshavet vart underskriven 11. januar 1978 med verknad til 1. juli 1978. Seinare er avtala vorten lengd tre gonger og gjeld førebels fram til 1. juli 1981.

Det er inngått ei avtale med Island om ulike fiskeri- og kontinentalsokkelspørsmål som gjeld havområda ved Jan Mayen.

Som part i Antarktis-traktaten har Noreg teke del i ein internasjonal konferanse som vedtok ein konvensjon om vern og forsvarleg utnytting av krillmengdene i havet rundt Antarktis.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å styrkje internasjonale miljøverntiltak. Særleg viktig er arbeidet med å redusere utslepp som fører til atmosfærisk spreining av luftureiningar. Noreg har stått sentralt i utforminga av Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftureining som vart underskriven i november 1979 av Noreg, dei aust- og vesteuropeiske landa (unnateke Albania), USA og Canada.

Noreg tok vidare aktivt del i utarbeidinga

av Europakonvensjonen om vern av ville planter og dyr og deira levemåte, som vart underskriven i september.

Nyare forskningsresultat viser at det også er nødvendig å komme fram til internasjonale tiltak for å verne osonlaget rundt jorda. Under eit internasjonalt møte i Oslo i april i år vart det utforma eit handlingsprogram for det vidare arbeidet på dette feltet.

Noreg har ført vidare det internasjonale samarbeidet for å redusere ureiningane i havet. I juni i år kom britiske og norske miljøvernstyresmakter saman til eit møte i Oslo for å slutføre arbeidet med ein felles tiltaksplan for oljevern i Nordsjøen.

Det er ein stadig aukande etterspørsel etter informasjon om norsk politikk og norske forhold, særleg med utgangspunkt i utviklinga i nordområda, oljeaktiviteten og tryggingpolitiske spørsmål. Men det gjeld også Noregsinformasjon generelt. Denne auka interessa frå utlandet har også samanheng med at Noregs eige internasjonale engasjement er vorte utvida, noko som i seg sjølv skaper eit auka informasjonsbehov. Som ledd i dette informasjonsarbeidet vart det i første halvår i år gjennomført i alt om lag 50 utanlandske pressegjestingar i Noreg med rundt 230 deltakarar. Slike pressegjestingar har synt seg å vere særleg tenlege til å forklare norske synspunkt og holdningar. Pressebyrået NORINFORM gjev ut vår viktigaste informasjonsbulletin til massemedia og opinionsleiingar i utlandet, og blir tillagt stor vekt. Arbeidet i Rådet for Noregsinformasjon har halde fram etter føresetnadene. I det tosidige og fleirsidige kultursamarbeidet kan ein framleis merkje seg at det er stor interesse for norske forhold innan vitenskap, forskning, undervisning og kultur. Den største delen av verksemda gjeld utveksling av stipendiatar, spesialistar og gjesteforelesarar, i alt om lag 300 personar i første halvåret 1980. Utstillingar, musikk og teater inngår også i dette arbeidet. Siste året har ein fornøye kulturprogram med ei rekkje land og sett i verk kulturavtaler med Hellas og Bulgaria.

Noregs tryggingpolitikk byggjer som tidlegare på dei gjensidige pliktene og det nære politiske og militære samarbeidet i NATO.

Noreg tek framleis del i FN's arbeid med å tryggje freden ved å halde ved like ein styrke i Libanon (UNIFIL) og ved å sende observatørar til etablerte FN-misjonar.

Utbygginga av Kystvakta har halde fram etter planen innanfor ramma av dei løyvingane som er gjevne. To nye overvakingsfly er alt mottekne.

Lov av 9. juni 1978 om personregister m.m. tok til å gjelde 1. januar. Det er skipa eit Datatilsyn som har konsesjonsbehandling, kon-

troll og rettleiing i samsvar med lova som dei viktigaste oppgåvene.

Det er vedteke ei lov om fri rettshjelp som gjer det monaleg lettare enn før å få slik hjelp. Det er vidare vedteke ei lov om pant.

Regjeringa har oppnemnt Rådet for rettsinformasjon som skal gje råd om tiltak som kan gjere det lettare å forstå det offentlege regelverket og rettsavgjerder. Rådet skal særleg vurdere fordelar og ulemper ved bruk av ny informasjonsteknologi på dette området.

Det er utarbeidd ein ny organisasjonsplan for ei fullstendig integrert redningsteneste i Noreg. Dei to hovudredningsentralane i landet skal no ha den fulle overordna leiinga av land-, sjø- og flyredningstenesta.

Folkemengda var 4 090 000 pr. 1. oktober 1980, det vil seie 0,3 prosent større enn på same tid i fjor.

I første halvår 1980 har arbeidsmarknaden totalt sett vore etter måten stram. Ser ein bort frå sesongsvingingar, har den registrerte arbeidsløysa endra seg heller lite dei seks første månadene av året, men tala for juli og august viser oppgang. Ved utgangen av august 1980 utgjorde dei registrerte arbeidslause 1,4 prosent av arbeidsstyrken (ukorrigert). Etter arbeidskraftundersøkingane til Statistisk sentralbyrå (AKU) var arbeidsløysesprosenten 1,5 i andre kvartal (mai)¹⁾.

Talet på ledige plassar som var registrerte ved arbeidskontora, var i gjennomsnitt for 1. halvår klart høgare enn i same perioden i 1979. Korrigert for sesongsvingingar har likevel talet på ledige plassar synt noko nedgang dei siste månadene.

I perioden januar–juli var det gjennomsnittleg 20 900 registrerte arbeidslause, eller 5 000 (19 prosent) færre enn i same perioden i 1979. Av dei heilt arbeidslause ved utgangen av kvar måned var gjennomsnittleg 1 800 permitterte, eller om lag 1 600 færre enn eitt år tidlegare.

Ved arbeidskontora vart det i perioden januar–juli registrert i alt 148 300 ledige plassar (talet på ledige plassar pr. 1. januar pluss tilgang i perioden), mot 137 000 og 146 700 i same perioden i 1979 og 1978. Talet på ledige plassar ved utgangen av månaden var i gjennomsnitt for dei sju første månadene 38 prosent høgare enn i same perioden i 1979. Ved utgangen av juli var det registrert 8 800 fleire arbeidslause enn ledige plassar, mot 11 900 i juli 1979.

¹⁾ Arbeidsløysa i AKU omfattar forutan personar som søker arbeid ved arbeidskontora, også arbeidslause som søker arbeid på annar måte, t.d. ved å annonsere sjølve, svare på annonsar o.l.

Det totale omfanget av førehandsmelde driftsinnskrenkingar var i januar–juli 1980 berre om lag halvparten av omfanget i same perioden 1979. Både talet på oppseiingar, permisjonar og personar som vart utsette for innskrenka arbeidstid, gjekk kraftig ned.

I perioden januar–juli i år vart det gjeve førehandsmelding frå 173 verksemder om oppseiingar, permisjonar og innskrenkingar av arbeidstida, som i alt omfatta 7 300 personar. Meldingane fordelte seg slik: oppseiingar 1 400 personar, permisjonar 4 600 og innskrenka arbeidstid 1 300. Tala for same perioden i fjor var 319 verksemder og 13 200 personar, fordelte med 3 700 på oppseiingar, 7 700 på permisjonar og 1 800 på innskrenka arbeidstid.

Talet på registrerte permitterte personar og personar som hadde fått redusert arbeidstid, var i gjennomsnitt for dei sju første månadene i 1980 om lag 50 prosent lågare enn i same perioden i 1979.

Arbeidskraftundersøkingane til Statistisk sentralbyrå tyder på at veksten i den totale sysselsetjinga held fram. Den regionale sysselsetjingsstatistikken for bergverk, industri og byggje- og anleggsverksemd viser at nedgangen i industrisysselsetjinga heldt fram også i første delen av 1980, men nedgangen blir truleg mindre enn i 1979. I byggje- og anleggsverksemda var det også nedgang i sysselsetjinga i 1979 samanlikna med året før, medan tal frå første og andre kvartal 1980 ikkje viser særlege endringar. Talet på sysselsette i bergverksdrift (medrekna utvinning av råolje og naturgass) ser ut til å ha passert eit førebels toppunkt i 1979.

For å hindre at ein auke i oppseiingar og permitteringar ved einskildverksemder og innan fleire bransjar skal føre til arbeidsløysa for store grupper, har Regjeringa funne det naudsynt med ei monaleg opptrapping av ulike arbeidsmarknadstiltak. I den samanheng er det også i 1980 utarbeidd og sett i verk ein etter måten omfattande tiltaksplan mot arbeidsløysa.

Sysselsetjinga i arbeidsmarknadstiltaka var i første og andre kvartal 1980 gjennomsnittleg 17 400 og 14 200 personar, mot i same følgd 16 300 og 13 400 eitt år tidlegare.

Av dei 22 600 som gjennomsnittleg var heilt arbeidslause i perioden januar–mai, fekk 16 700 eller 74 prosent utbetalt dagpengar.

Innvandringsstoppen gjeld framleis. Pr. 1. april 1980 var 80 200 utanlandske statsborgarar busette i Noreg. Det er 2 000 fleire enn på same tid året før.

Ein reknar med at samla produksjon av varer og tenester vil auke om lag som i 1979, då produksjonen auka med 3,2 prosent.

Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med vel 2 prosent, mot 2,5 prosent frå 1978 til 1979.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei sju første månadene av 1980 var 47,3 milliardar kroner, eller om lag 12,0 milliardar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 48,6 milliardar kroner, eller om lag 14,0 milliardar større enn i januar–juli 1979. Av utførsla i dei første sju månadene i år utgjorde råolje og gass 15,3 milliardar kroner og 6,8 milliardar kroner, mot 6,8 og 3,9 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Utanom skip auka innførsla med 21,8 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet auka med 20,8 prosent frå januar–mars i fjor til same tidsrommet i år. Utanom skip, oljeplattformer, råolje og gass gjekk utførslevolumet opp med 11,3 prosent. Prisane på dei innførte varene (utanom skip) steig i det første kvartalet med 16,3 prosent. For utførte varer (utanom skip) gjekk prisane opp med 28,2 prosent.

Det var i første halvår 1980 eit overskott på driftsrekneskapen med utlandet på 3 830 millionar kroner, medan det i første halvår 1979 var eit underskott på 3 040 millionar kroner. Betringa i driftsrekneskapen heng i første rekkje saman med ein auke i utførsla av råolje og naturgass på nær 11 200 millionar kroner, ein auke i utførsla av «tradisjonelle» varer (varer utanom råolje, gass, skip og oljeplattformer) på vel 4 800 millionar kroner og ein auke i nettoeksporten av tenester frå skipsfarten med vel 1 600 millionar kroner. Innførsla av «tradisjonelle» varer auka med om lag 10 700 millionar kroner. For renter og stønader var det eit underskott på 5 715 millionar kroner i første halvår 1980, mot 5 240 millionar kroner i same perioden i 1979. Overskottet på driftsrekneskapen i første halvår 1980 og ein auke i tildeling av særskilde trekk i IMF på 199 millionar kroner, vart vegne opp av ein netto utgang av langsiktig kapital på 3 386 millionar kroner og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 643 millionar kroner.

For jordbruket var veksttilhøva sommaren 1980 gode. Det blir gode avlingar over mesteparten av landet. Ein reknar med avlingar over eit normalår. I hagebruket reknar ein med avlingar under det normale. For husdyrprodukt reknar ein med eit par prosent større mjølkeproduksjon enn i 1979 og ein liten auke i slaktetilgangen i høve til 1979.

I skogbruket vart det avverka 8,0 millionar m³ tømmer og ved til sal i driftsåret 1978–79. I tillegg vart det avverka 0,7 millionar m³ til

bruk på gardane. Førebels tal syner at avverkinga var noko høgare i 1979–80 enn året før.

Utbyttet av fisket var i 1. halvår om lag 1,4 millionar tonn (rund vekt), det same som i 1. halvår 1979. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 1 760 millionar kroner, som er om lag 275 millionar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag 20 000 tonn mindre og av lodde om lag 20 000 tonn meir enn i 1. halvår 1979. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 2 339 millionar kroner i 1. halvår 1979 til 2 379 millionar kroner i 1. halvår 1980.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning viste produksjonen (medrekna oljeutvinning) i dei sju første månadene ein auke på 12 prosent i høve til same perioden i 1979. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 36 prosent (medrekna oljeutvinning), for industri 4 prosent og for kraftforsyning ein nedgang på 1 prosent.

Produksjonen av olje og gass på den norske kontinentalsokkelen var i 1979 39,8 millionar tonn oljeeiningar. Dette er 9,2 millionar tonn oljeeiningar meir enn i 1978.

I perioden frå 1. januar til 1. august 1980 var produksjonen av olje og gass 28,9 millionar tonn oljeeiningar. Dette er ein auke på 7,8 millionar tonn oljeeiningar samanlikna med same tidsrom i fjor.

Salet av petroleumsprodukt gjekk ned med 6,5 prosent til 9,385 millionar liter i perioden frå juli 1978 til og med juli 1979 jamført med same perioden året før.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1979 var det ein produksjonsauke i dei utekonkurrerende næringane på 1 prosent, i dei heimekonkurrerende næringane på 4 prosent og i dei skjerma næringane på 5 prosent.

Lagra av eigne produkt i industrien og lagra av eksportvarer nådde eit lågmål i 4. kvartal 1979. Frå slutten av 1979 til utgangen av 2. kvartal 1980 steig lagra av eigne produkt i industrien med 10 prosent, og lagra av eksportvarer gjekk opp med 14 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1979 var 89,0 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1980 var produksjonen om lag 49,8 milliardar kWh, mot 50,1 milliardar kWh i same tidsrommet i fjor, ein nedgang på 0,6 prosent. Magasinfyllinga var 24. august i år 74 prosent. På same tid i fjor var magasinfyllinga 90 prosent.

Byggjeverksemda har vore noko mindre i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli–august var areal i arbeid 0,5 prosent mindre enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar–juli var 5,0 prosent mindre, og areal som vart teke i bruk var 2,0 prosent større en i den same perioden 1979.

I dei sju første månadene av 1980 vart det sett i arbeid 16 844 og fullført 20 938 bustader. Pr. 31. juli var det 32 500 bustader i arbeid. Samanlikna med 1979 er dette ein nedgang på 19,1 prosent for bustader som vart sette i arbeid, og 7,7 prosent for bustader i arbeid, medan talet på fullførte bustader auka med 6,2 prosent.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein auke på 11,9 prosent for igangsett areal og 3,5 prosent for areal i arbeid, medan talet på fullført areal gjekk ned med 7,4 prosent.

Handelsflåten minka med 330 000 bruttotonn i 1. halvår og var på 21,2 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka i 1. halvår med 241 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 2,2 millionar bruttotonn. Dette var ein auke på 1,1 millionar bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,5 millionar bruttotonn. Det var 0,1 millionar bruttotonn meir enn på same tid i fjor.

Etter fleire år med særskilde dårlege frakter, var fraktratene etter måten gode i 1979. Dette gjeld med unnatak av dei største tankskipa. For tørrlastskipa har fraktene vore gode også i 1980. Men for alle storleikar av tankskip fall fraktratane utover vinteren og våren 1980, og er no stort sett dårlege.

Ved utgangen av juli låg 12 skip på til saman 1,1 millionar bruttotonn i opplag. Dette er 5,4 prosent av handelsflåten, mot eit opplag på 6,5 prosent ved utgangen av juli i fjor.

Lengda av det offentlege vegnettet var 1. januar 80 900 km. Det er 1 100 km meir enn året før. Om lag 44 500 km offentleg veg har no fast dekke, medrekna oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 99,3 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på åtte tonn. På 12,7 prosent av riksvegnettet er det tillate med ti tonns akseltrykk.

Av større bruanelegg som er fullførte og opna for trafikk siste året, kan ein nemne Langangen på E 18 i Telemark, Hestøybrua og Sminesbrua på kystriksvegen i Nord-Trøndelag, Indre Sunnan-brua i Nordland og Glåmbrua i Hedmark.

Ved utgangen av 1979 var det registrert nær 1,4 millionar bilar i Noreg. Det er 3,8 prosent fleire enn året før. Den samla kjørety-parken var ved årsskiftet komme opp i godt over 1,9 millionar einingar.

Den gjennomsnittlege årlege veksten i vegtrafikken har minka i 1970-åra, og er rekna til 2 prosent i 1979.

I alt 437 personar vart drepne i vegtrafikken i 1979. Det er tre fleire enn året før.

Den samla rutelengda i ferjesambanda ved utgangen av 1979 var på nær 2 500 km fordelt på 173 samband. Dei vart trafikkerte av 265 ferjer med til saman 8 010 personbilplassar. Kapasiteten auka med 762 personbilplassar i 1979. Det vart frakta 4 prosent fleire bilar og 2 prosent fleire personar i 1979 enn i 1978.

Sjøtransporten er den viktigaste transportmåten for frakting av gods over lange avstandar. Etter dei utrekningane som er gjorde, var sjøtransportarbeidet i 1978 10,9 milliardar tonnkilometer, eller nær 63 prosent av det totale innanlandske transportarbeidet. Den delen av dette transportarbeidet som fell på den rutegående sjøtransporten, er liten og utgjør vel 8 prosent.

Persontransporten på jernbanen kom i 1979 opp i nær 2,3 milliardar personkilometer, ein auke på 10 prosent frå 1978. Den innanlandske trafikken auka med 10,9 prosent. Samtrafikken med utlandet gjekk ned med 5,2 prosent.

Godstransporten på jernbanen, utanom malm på Ofotbanen, kom i 1979 opp i vel 2,1 milliardar tonnkilometer, ein auke på 8,2 prosent frå 1978. Transporten av vognlaster i lokal norsk trafikk auka med 3,7 prosent og vognlaster i samtrafikk med utlandet med 22 prosent. Særleg auka trafikken frå Noreg sterkt. Malmtransportane på Ofotbanen auka i 1979 med 31 prosent, og kom opp i 22,3 millionar tonn.

Kapasiteten på dei innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka med 4,5 prosent i 1979. Målt i passasjerkilometer, gjekk trafikken opp med 7,7 prosent.

Pr. 31. desember 1979 var det installert nærare 1 726 000 telefonapparater. Det er ein auke på om lag 91 000 apparat i 1979. Telefontettleiken var dermed 42,3 apparat pr. 100 innbyggjarar, mot 40,2 året før. 95,6 prosent av apparata er knytte til automatiske telefonsentralar.

I 1979 er den totale postmengda som Postverket tok seg av, rekna til 1,3 milliardar sendingar. Det er ein auke på 4,5 prosent frå året før. Ved utgangen av 1979 var det i drift 2 890 faste poststader og 7 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader gjekk ned med 22 i 1979. Dessutan var det 15 landpoststasjonar og 27 postfilialar i drift. Ved å utvide landpostrutenettet har ein gjeve postteneste til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene. Den totale veglengda som vart tilbaketilgjedd i landpostrutene, steig frå 31,6 millionar kilometer i 1978 til 32,2 millionar i 1979.

Konsumprisindeksen låg i gjennom-

snitt for dei åtte første månadene 9,1 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 7,8 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 14,8 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden året før, og produsentprisindeksen 13,6 prosent høgare.

Dei private inntektene har auka meir frå 1979 til 1980 enn frå 1978 til 1979. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Det private forbruket endra seg lite frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år. For 1980 under eitt reknar ein med at det private forbruket vil bli litt høgare enn året før.

Detaljomsætnaden auka med 6,4 prosent i verdi i første halvår 1980 i høve til første halvår 1979.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal auke med om lag 4 prosent frå 1979 til 1980. Held ein investeringane i sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, reknar ein med ein oppgang på om lag 2,5 prosent. Frå 1978 til 1979 gjekk bruttoinvesteringane i alt ned med 8,7 prosent, medan investeringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. gjekk ned med 4,1 prosent.

Handelsdepartementet administrerer ei rekkje garantiordningar som har til føremål å halde oppe produksjonen og sysselsetjinga i visse vanskelegstilte næringar. Under ordningane er det gjeve garantiar og lovnad om garantiar for over 25 milliardar kroner. I denne summen er det også rekna med den statlege stønaden for å redusere renteutgiftene ved eksport av kapitalutstyr m.m. Rentestønsordninga har sikra kontraktar for i alt om lag 4,9 milliardar kroner. Statsgaranterte kredittavtaler på til saman 320 millionar kroner som skal finansiere norske leveransar til Tyrkia, er langt på veg disponerte.

Ved stortingsvedtak av 17. desember 1979 fekk Handelsdepartementet fullmakt til å ta opp nye statslån i utlandet i 1980 som svarer til 4 200 millionar kroner, og fullmakt til å garantere for nye lån som blir tekne opp i utlandet av Den norske stats oljeselskap A/S i 1980, for eit beløp som svarer til 1 420 millionar kroner. Pr. 29. august 1980 var lånefullmakta utnytta med 998 millionar kroner.

Fram til 31. desember 1980 er ramma for garantiordninga for andre norske låneopptak i utlandet enn statslån redusert frå 1 700 millionar kroner til 1 500 millionar kroner. Den samla utanlandske statsgjelda pr. 29. august 1980 svarte til om lag 30 054 millionar kroner målt etter valutakursane same dagen.

Statens samla garantiansvar for lån som er opptekne i utlandet av dei statsgaranterte bankane, Den norske stats oljeselskap A/S,

Garanti-instituttet for skip og borefarty A/S og andre norske låntakarar, svarte pr. 30. juni 1980 til om lag 26 079 millionar kroner.

Finanspolitikken var merkt av at finansieringsbehovet for staten og folketrygda tok noko av frå 1979 til 1980, frå 9,1 milliardar kroner for første halvår 1979 til 5,8 milliardar kroner i 1980. Nedgangen svarer til auken i innbetalte oljeinntekter i det same tidsrommet.

Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med 5,7 prosent frå første halvår 1979 til første halvår 1980, medan overføringane auka med 18,5 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånetransaksjonar var 43,9 milliardar kroner i første halvår 1980. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 17,9 milliardar kroner. Folketrygdfondet var ved utgangen av første halvår på 18,0 milliardar kroner.

Det er gjennomført ei rekkje kredittpolitiske tiltak det siste året. I desember 1979 sette Regjeringa opp renta på nye statsobligasjonar og statskassevekslar med 2 prosentteiningar. Renta på utlån frå statsbankane, utanom bustadfinansiering, vart sett opp med 1 prosentteining. Etter finansministerens renteerklæring av 5. september 1980 kunne forretnings- og sparebankane og livstrygdela justere opp renta på kortsiktige utlån med inntil ½ prosentteining, og renta på langsiktige utlån med inntil 1 prosentteining. Einskilde utlånstypar vart haldne utanfor denne justeringa.

Dei rettleiande utlånstala for forretnings- og sparebankane vart i det reviderte nasjonalbudsjettet for 1980 sett til 7 050 millionar kroner for 1980. I dei første sju månadene i 1980 auka utlåna frå desse bankane sterkare enn føresetnaden var i det kredittpolitiske opplegget. Styresmaktene har derfor sett opp primærreservekravet til 13 prosent for forretningsbankane og 10 prosent for sparebankane i Sør-Noreg. Ved kongeleg resolusjon av 29. august 1980 vart løyvingsrammene for statens bustadbankar (Husbanken og Landbruksbanken) auka med 525 millionar kroner.

I 70-åra har kommunane og fylkeskommunane hatt ein sterk økonomisk vekst. Denne sektoren får no om lag 15 prosent av nasjonalproduktet i skattar og avgifter.

Kommunane er sette i stand til betre å løyse nye og krevjande oppgåver.

I 1978 vart det gjort vedtak om visse tilstrammingstiltak m.a. med sikte på å dempe aktivitetsveksten i kommunesektoren. Det synta seg at det var vanskeleg for kommunane på kort sikt å gjennomføre dei nødvendige økonomiske tilpassingane, og først frå

1979 har dei makta å bremse aktivitetsveksten på ein kontrollert måte. Investeringsvolumet gjekk såleis ned i høve til 1978, medan driftsutgiftene viste ein moderat auke.

I nasjonalbudsjettet for 1980 er aktivitetsveksten i kommunesektoren dette året rekna til om lag 1,5 prosent. Dette fører med seg at investeringsnivået i kommunesektoren sett under eitt framleis vil gå ned.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1979 tilsegn om lån og garantiar for 942,2 millionar kroner, tilsegn om investeringstilskott med til saman 338,8 millionar kroner og tilsegn om tilskott til flytting og opplæring med 30,8 millionar kroner. I første halvår 1980 er det gjeve tilsegn om lån og garantiar for 475,6 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott for 169,0 millionar kroner.

I 1979 vart det til kommunale utbyggingstiltak gjeve tilsegn med i alt 142 millionar kroner. Av dette gjekk 108,4 millionar kroner til spesielle grunnlagsinvesteringar, 29,0 millionar kroner til vassverk og 4,6 millionar kroner til kaier.

I første halvår 1980 er det på dei same postane gjeve tilsegn i same følgd med om lag 74 millionar kroner, 29,2 millionar kroner og 3,9 millionar kroner.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 14 industrivekstanlegg. Dessutan har det teke del i planlegging og bygging av andre industriprosjekt. I alt har selskapet fram til august 1980 bygd ut om lag 180 000 m² industri-lokale. Dei verksemdene som har flytta inn i bygg som SIVA har reist og eig, har i dag om lag 2 950 sysselsette (medrekna dei som er sysselsette ved anlegga til Akergruppen i Verdal).

Til ordninga med regional transportstønad for einiskilde distrikt vart det i 1979 utbetalt 66,8 millionar kroner. I første halvår 1980 er det utbetalt 42,6 millionar kroner.

Regjeringa har styrkt arbeidet med ei sentral samordning av tiltak for den samiske folkegruppa.

Norsk Sameråd er reorganisert. Rådet er styrkt m.a. ved at medlemmene er oppnemnde etter framlegg frå dei mest sentrale samiske kommunane, fylkeskommunar, samiske organisasjonar og næringsorganisasjonar innanfor reindrift, jordbruk og fiske. Rådet vil t.d. kunne få i oppdrag å disponere offentlege midlar innanfor visse rammer og retninglinjer.

Oppryddingsprogrammet for tiltak mot ureiningar frå eldre industri går etter planen.

Arbeidet med å redusere ureiningstilførselene frå industri, landbruk og kommunale avløp i ei rekkje vassdrag med ureiningsproblem, er ført vidare. Aksjonen for å redde

Mjøsa frå varige ureiningssskadar blir i hovudsak avslutta i år. Sjølv om det i dag er for tidleg å vurdere verknaden av aksjonen heilt sikkert, tyder målingar på at utviklinga går i rett lei.

Også dei utsleppa som skaper ureining i det hardt belasta Grenlandsområdet, er reduserte. Tilhøva kan likevel enno ikkje seiast å vere tilfredsstillande.

Arbeidet med tiltak mot støy har vorte ført vidare og styrkt. Flystøykommisjonen har utarbeidd ein plan for å avgrense støyen på Fornebu.

For å kunne arbeide systematisk med produktkontroll i framtida, blir det sett opp eit produktregister for helseskadelege og miljøødeleggjande stoff og produkt.

I samband med at det er sett i gang oljebo-ring nord for den 62. breiddegraden, har oppbygginga av oljeverntiltak i hovudsaka gått som planlagt.

Etter at dei økonomiske sonene er oppretta, og aktiviteten i havområda har auka, har det vorte nødvendig å byggje ut kapasiteten for kartlegging av desse områda. Det er sett i gang modernisering av produksjonsutstyret til Noregs sjøkartverk. Vidare har etaten teke over fiskefartyet «Lance», som vil bli sett inn i havmålingane. Fartyet høver spesielt til å operere i polarområda.

Utviklinga av ressursrekneskap og -budsjett nærmar seg slutten. Prøverekneskapar for energi, fisk, skog og visse mineral er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå.

Arbeidet med å få i stand grunneigedom-, adresse- og bygningsregister er påbegynt. På regionalt nivå blir arbeidet leidd av fylkeskartkontora.

Generalplanlegginga i kommunane i landet har gått godt det siste året. 100 kommunar har no generalplan som er godkjent. Det blir arbeidd vidare med å styrkje denne planlegginga.

Dei fleste fylka vedtok i 1979 fylkesplanar for perioden 1980–83. Planane blir no behandla sentralt. Planane dreg opp mål og hovudlinjer for verksemda til kommunane, fylkeskommunen og staten i fylket.

Det regionale kontaktutvalet for hovudstadsområdet, som vart skipa i 1979 og har medlemmer frå Oslo kommune, Akershus fylkeskommune og fleire departement, har komme godt i gang med arbeidet sitt. Miljøvernministeren er formann i utvalet.

Statens kulturminnefond er skipa, og staten har kjøpt verdfulle kulturminne på Røros.

Stortinget har slutta seg til meldinga frå Regjeringa om betre nærmiljø. Fleire departement samarbeider om å gjennomføre framlegga i meldinga.

Arbeidet med utvida skjergardspark på Sørlandet og skjergardspark i Kragerø og Bamble er ført vidare.

Pensjonar og andre ytingar frå folketrygda vart høgda ved at grunnbeløpet vart regulert med verknad frå 1. januar 1980. Satsen for særtillegg er auka med 2 prosent frå same dato. I samband med inntektsoppgjeret for yrkesaktive 1. mai 1980 vart grunnbeløpet høgda på ny. Samtidig er satsen for særtillegg for einslege minstepensjonistar auka med 2 prosent.

Til ulike sosiale tiltak for eldre og uføre vart det løyvt ein auke på ialt 137 millionar kroner på stats- og trygdebudsjettet for 1980.

Talet på eldre aukar, både absolutt og i høve til resten av folkesetnaden. Og mellom dei gamle blir det stadig fleire i dei høgaste aldersklassene. For 1980 er det over statsbudsjettet gjeve eit samla rammetilskott på 155 millionar kroner til kommunane til tiltak for eldre og funksjonshemma. Det er ein auke på 45 millionar kroner i høve til 1979.

Det er også løyvt meir pengar til forsøks- og utviklingsverksemd med nye tiltak for eldre. Vidare vart det i 1980 oppretta ni nye statlege sosialomsorgskonsulentstillingar på fylkesplanet. Dei nye konsulentane skal særleg ta seg av rettleingsarbeid innan eldreomsorga.

Stønadsattsane etter lov om barnetrygd er frå 1. mai 1980 auka med 900 kroner i året for kvart barn.

Frå 1. januar 1980 er 70-årsgrensa oppheva for visse ytingar frå folketrygda. Dette gjeld for stønad til kjøp og drift av tekniske hjelpemiddel m.m., grunnstønad og hjelpestønad til tilsyn og pleie.

Ved utgangen av 1978 var det 8 325 barn og unge under vernetiltak av barnevernsnemndene. Barnevernsnemndene hadde teke over omsorga for litt over halvparten av desse. For om lag $\frac{1}{3}$ var det tale om førebyggjande tiltak (tilsyn i heimen m.m.) og for resten ettervernstiltak eller andre tiltak. Utgjennom 1970-åra er omsorg utanfor heimen (fosterheim eller institusjonsplassering) i stadig mindre grad vorte brukt som første vernetiltak av nemndene. Bruk av støttekontakt og støtte til ungdom utanfor heimen har vorte meir vanleg.

Planleggings- og driftsansvaret for barnevernsinstitusjonane er overført til fylkeskommunane med verknad frå 1. januar 1980. Det er samstundes innført ei rammetilskottsordning og løyvt 30 millionar kroner til dette på statsbudsjettet for 1980.

Sosialdepartementet har sett i gang eit forsøksprogram med utradisjonelle behandlings-

og hjelpetiltak for barn og ungdom med åtferds- og tilpassingsvanskar, m.a. som alternativ til fengsling.

I 1979 vart i alt 21 919 alkoholmisbrukarar melde til edruskapsnemndene mot 17 839 i 1978. Det er om lag 50 prosent over nivået i 1970. Det var om lag 6 500 som vart melde for første gong i 1979. Kvar femte av desse var under 20 år, og 44 prosent var under 25 år. Totalt var det i 1979 ein netto tilvekst på 105 plassar i alkoholistinstitusjonane, slik at det var 2 026 plassar ved utgangen av året. For 1980 er det løyvt 132 millionar kroner over trygdebudsjettet og 40 millionar kroner over statsbudsjettet til alkoholistinstitusjonar.

Sosialkontora ytte sosialhjelp i vel 55 000 tilfelle i 1978. Det er 3 000 fleire tilfelle enn året før. I gjennomsnitt var det 14 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar.

Over statsbudsjettet for 1980 er det løyvt særskilde rammetilskott til styrking av sosialkontora og til sosial stønad med til saman 150 millionar kroner.

Dei aller fleste kommunane oppfyller minstenorma for bemanning ved sosialkontora. I 1979 var det til saman om lag 1 650 stillingar for fagpersonale og om lag 1 050 kontorstillingar ved sosialkontora.

Regjeringsvedtaket i fjor om å ta inn 3 000 flyktningar frå Sørøst-Asia har ført til uvanleg store flyktninginntak i 1979 og 1980. I 1979 kom det i alt om lag 1 100 flyktningar, og av desse kom om lag 1 000 frå Sørøst-Asia. Sommaren 1979 vart Stiftelsen flyktningeboliger (FLYBO) oppretta for å stå for kjøp, oppføring og forvaltning av bustader for flyktningar. På statsbudsjettet for 1980 er det løyvt 58 millionar kroner til flyktninghjelp som Det norske Flyktningeråd og FLYBO skal ta seg av.

Personellsituasjonen innan den offentlege legetenesta er framleis ikkje tilfredsstillande. Ein har likevel registrert søkning til visse stillingar som det tidlegare har vore lita eller inga interesse for.

Ny lov om legar (legelova) er vedteken, men ikkje sett i kraft, med unntak av eit vedtak.

Mellombels lov av 23. mars 1979 nr. 8 om høve til å regulere legetenestene tok til å gjelde 1. januar. Frå 2. mai vart det fastsett forskrifter for tiltak, og etter dette vart tilgangen på legetenester i diverse kommunar mellombels regulert.

Informasjonsverksemda om svangerskapsførebyggjande tiltak og hjelpetiltak for vanskelegstilte gravide held fram.

Departementet har i samarbeid med svenske styresmakter oppretta eit nytt behandlingssenter for psoriasispatientar på Lanzarote.

Eikholt senter for døvblinde på Konnerud ved Drammen vart opna 26. august. Staten skal stå for drifta av senteret.

Departementet er sterkt engasjert i førebuingane til Det internasjonale året for funksjonshemma som skal avviklast i FN-regi.

Finansieringsordninga for institusjonshelse-tenesta er endra. Frå 1. januar 1980 blir tilskottet frå folketrygda til fylkeskommunane gjeve som eit rammetilskott. Føremålet med endringa er desentralisering, effektivisering og geografisk utjamning.

Ved utgangen av 1979 var det innført 442 ordningar som gjeld verksemda innanfor heimesjukepleia etter dei retningslinjene som Sosialdepartementet gav 1. januar 1972. Utbygginga er enno ikkje avslutta.

Det vart i 1979 uteksaminert 1 701 sjukepleiarar, 58 vernepleiarar, 87 sjukepleiarar i psykiatrisk sjukepleie, 49 jordmødrer, 87 helsesystrer og 2 854 hjelpepleiarar frå norske skolar.

Dei somatiske institusjonane har etter måten godt om kvalifisert pleiepersonell. Innan det psykiske helsevernet og helsevernet for psykisk utviklingshemma er derimot situasjonen svært utilfredsstillande.

For helsestasjonane er ein i gang med å utvide verksemda. Utanom dei vanlege tilboda med helsekontroll av spedbarn og småbarn, har ein mellom anna teke til med svangerskapskontroll og rettleiing i samlivsspørsmål og prevensjon.

Det er oppnemnt eit styre som skal samordne all kontroll med nærings- og nyttingsmiddel som blir utført med heimel i gjeldande næringsmiddellovgjeving.

Etter rapportane blir tannhelsa hos barn og ungdom framleis betre. Oppsøkjande tannhelsetilbod for eldre og langtidssjuke i institusjonar og folk som er bundne til heimen, er bygd ut som ledd i den offentlege tannhelsetenesta i eit fleirtal av fylka i landet.

Likestillingsombodet tok imot om lag 1 000 saker det første året etter at lova om likestilling tok til å gjelde. Dei fleste gjaldt arbeidslivet.

Det finn stad ei jamn og sikker utbygging av ulike typar barnehagar som er tilpassa lokale forhold og behov. I alt har vi no 74 900 godkjende barnehageplassar i landet. Dette svarer til plass til 18,5 prosent av alle barn i alderen 0–7 år. I tillegg er det om lag 3 500 barn som går i barneparkar og andre leiketiltak for små barn.

Vi har no i alt rundt 2 300 plassar i fritidsheimar for dei yngste skulebarna.

Det er sett i gang forsøks- og utviklingsarbeid i 22 kommunar for å følgje opp St. meld. nr. 17 (1978–79) Barns oppvekstkår.

På grunnlag av St.prp. 138 (1978–79) Om plan for økt innsats mot narkotikaproblemene blir det prøvd ut tiltak med fritidsklubbar som kan førebýggje rusgiftproblem og integrere barn og ungdom som er i faresona. Forsøksarbeidet er sett i gang i to fylke og åtte kommunar.

Det er gjeve økonomisk stønad til forskning om levekårsspørsmål for barn, kvinner og ulike familietypar, til utgreiing og forsøk med tiltak for barn og unge, og arbeid for likestilling mellom menn og kvinner.

Hjelpeordningane for heimane omfattar husmorvikarteneste og heimehjelp for eldre, uføre og andre.

Det har vore ei sterk utbygging av desse tenestene i dei fleste kommunane. I 1980 vart det for første gong vedteke ei øvre grense for kva kvar einskild kommune kan få refundert frå staten. Ein reknar med eit refusjonskrav på 388 millionar kroner for verksemda i 1980. Det vil vere ein auke på 53 millionar kroner (16 prosent) frå 1979.

Det samla talet på saker som Forbrukarrådet behandla sentralt og lokalt, klager, rettleiing for kjøp og annan informasjon, auka frå 100 000 i 1978 til 102 000 i 1979. Når det gjaldt klager, var det derimot ein nedgang, men dei låg framleis høgt med rundt 75 000 i alt. Tendensen i retning av meir kompliserte og tidkrevjande saker held fram.

I 1979 vart det hos Forbrukarombodsmannen registrert 1 823 nye saker, ein nedgang på 365 i høve til 1978. Av desse vart 82 prosent realitetsbehandla, medan ein i dei resterande 18 prosent kom fram til at det ikkje låg føre noko lovstridig. Forbodet mot kjønnsdiskriminerande reklame, som er innarbeidd i Marknadsføringslova, tok til å gjelde i 1979, og Forbrukarombodsmannen har vurdert 73 saker som gjeld dette, det siste året.

I dei fleste sakene som blir realitetsbehandla, kjem ein fram til frivillige ordningar. Dei andre kan først inn for Marknadsrådet, som i 1979 gjorde sju vedtak.

Forbrukartvistutvalet vart skipa i medhald av lov av 28. april 1978 nr. 18. Utvalet er ei avdeling av Marknadsrådet. Utvalet tok til med arbeidet sitt i 1979. I 1979 mottok det 244 saker.

Hovudavtala for arbeidstakarar i staten er revidert og inneheld m.a. reglar om utvida medavgjerdsrett for statstilsette. Medavgjerdsretten skal som hovudregel gjennomførast ved at dei tilsette får utvida rett til forhandlingar og drøftingar.

Pris- og inntektsstoppen vart frå 1. januar 1980 avløyst av forskrifter om prisfastsetjing og meldeplikt og lov om innteksregulering. Forskriftene vart gjennomførte for å få til ein

1980. 2. okt. — Åpning av det 125. ordentlige Storting

(Statsråd Førde)

jamn overgang frå 1979 til 1980. Samstundes var det naudsynt å nå fram til friare forhold med omsyn til fastsetjing av prisar og lønningar.

Utgiftene til utdanning, kyrkje- og kulturformål på stats- og kommunebudsjetta er i 1980 om lag 21 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 101 prestestillingar forutan feltprestestillingane. Tilgangen på søkjarar til desse stillingane aukar framleis og talet på ledige stillingar har gått ned. Talet på kateketstillinger er komme opp i 59.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1979/80 var om lag 851 000. I utlandet er det no om lag 4 500 norske elevar og studentar, grunnskoleelevar ikkje medrekna.

I skoleåret 1980–81 er det om lag 585 000 elevar i grunnskolen. På barnesteget går elevtalet ned, mens det på ungdomssteget er om lag det same som forrige skoleår. Ordninga med utvida opplæring er no normalordning for heile grunnskolen.

Stadig fleire elevar som er funksjonshemma får no opplæringa si i den vanlege skolen. I skolane for spesialundervisning og ved sosiale og medisinske institusjonar går talet på elevar i alderen 7–16 år framleis ned.

Frå i haust vil det vere om lag 5 000 nye plassar for elevar i den vidaregåande skolen. Dei fleste av desse er også i år i studieretningane for yrkesfag. Utbygging av spesialundervisning og sosialpedagogiske tiltak i dei fylkeskommunale vidaregåande skolane held fram.

Utbygging av utdanningstilbod for personell til petroleumsverksemda held fram. Særleg er det lagt vekt på opplæring som kan gje betre tryggleik i arbeidet.

Ved utgangen av juli månad var det om lag 406 000 m² skolebygg i arbeid.

Ved dei regionale høgskolane er det i haust om lag 25 500 studentar, av desse 12 400 ved pedagogiske høgskolar, 5 300 ved ingeniørhøgskolar og 6 000 ved distriktshøgskolar.

Det er i haust tilsett administrativ leiar og anna personell til å førebu ein ny distrikthøgskole i Steinkjer i Nord-Trøndelag. Maritim høgskoleutdanning kjem i haust i gang på dei fleste av dei sju stadene som Stortinget har peila ut for slik utdanning. Det er sett i gang utdanning for ulike sjefskategoriar innan oljeboring i Haugesund, Stavanger og Trondheim. Musikkonservatoria i Bergen og Tromsø er tekne over som statsinstitusjonar. Det er sett i gang desentralisert lærarutdanning i Nord-Noreg for søkjarar med bustad i dei kommunane som mest treng fleire utdanna lærarar. I Oslo er det utdanning av industridesignarar som ei forsøksordning.

Ved universiteta og dei vitskaplege høgskolane er det i haust eit studenttal på om lag

41 200. 40 opplysningsorganisasjonar har no allmenn rett til statstilskott.

Innanfor den vaksenopplæringa som skoleverket har ansvar for, er vilkåra lagde betre til rette for undervisning av grupper som står svakt. I 1979 var det om lag 65 000 deltakarar i førstegongsutdanninga for vaksne i grunnskolen og den vidaregåande skolen med i alt om lag 443 000 undervisningstimar.

Arbeidet med å tilpasse undervisningsplanane for arbeidsmarknadskursa er ført vidare for å dekkja behova for omskolering og opplæring som er ei følgje av strukturendringane i industrien.

Gjennom tilskottsordninga for bedriftsopplæring er det gjeve tilskott til ulike opplæringstiltak for tilsette i om lag 100 bedrifter.

Gjeldande tilskottsreglar for brevundervisning er prolongerte inntil vidare.

Det er no i gang 88 folkehøgskolar med eit samla elevtal på om lag 7 600.

I undervisningsåret 1980/81 er norma for studiestønad til skoleungdom og studentar kr 2 360 pr. månad, grunnstipendet er då medrekna. Bortebuarstipendet er auka med om lag 10 % til kr 4 460 for 1980/81. Likeeins er satsane for dei behovsprøvde stipenda sette noko opp.

Det er i år fordelt 20,7 millionar kroner til bygging av studentbustader. Denne summen vil gje om lag 425 nye hybeleiningar.

I 1980 vil om lag 450 kunstnarar nyte godt av ordninga med garantiinntekt for kunstnarar. Det blir gjeve stipend til 574 kunstnarar. Av desse er m.a. 110 treårige arbeidsstipend på kr 45 500 og 222 stipend til eldre fortente kunstnarar. 15 kunstnarar har livsvarige kunstnarløner i 1980. Samla vil om lag 1 040 kunstnarar nyte godt av stønadsordningane.

I 1979 vart det inngått avtale med kunstnarorganisasjonane om bibliotekvederlag og i 1980 avtale om vederlag for kopiering i skoleverket. Med dette er det i alt inngått 8 avtaler med dei 27 kunstnarorganisasjonane som har fått rett til å tinge med staten om vederlag. Forhandlingar med kunstnarorganisasjonane om nye avtaler og revisjon av tidlegare inngåtte avtaler held fram.

Utbygginga av dei fire symfoniorkestra held fram etter dei retningslinjene som vart trekte opp i utgreiinga om symfoniorkester. I 1980 er det oppretta åtte nye muskarstillingar ved desse orkestra. I alt vil det vere 221 faste muskarstillingar ved symfoniorkestra. Publikumsbesøket ved orkesterkonsertane var i 1979 om lag 161 000 medan Rikskonsertane hadde eit besøkstal på om lag 1,1 million.

Dei offentleg stødde teatra og Operaen gav i 1979 om lag 4 500 framsyningar med eit samla publikumsbesøk på om lag 1,2 milli-

onar. Prosjekteringa av nybygget for Det Norske Teatret har halde fram i 1980 og ei ombygging av Rogaland Teater har starta.

I 1979 hadde 12 norske spelefilmar premiere. Kinoane hadde i 1979 eit besøk på om lag 17,8 millionar tilskodarar. Av desse såg om lag 1,7 millionar norske filmar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebibliotek i grunnskolen var i 1979 på om lag 22,7 millionar band. I 1979 vart det sett i verk ei prøveordning med bibliotekteneste i fengsla.

Musea hadde i 1979 eit besøkstal på om lag 4,1 millionar.

Omsetninga ved Norsk Tipping A/S passerte i 1979 1 milliard kroner. Overskottet gav 365 millionar kroner til lik fordeling til idrettslege og vitskaplege formål. Dette er ein auke på 35 millionar kroner frå 1978. Den delen av tippeoverskottet i 1979 som gjekk til idrettsformål, var 182,5 millionar kroner. Dette var ein auke på 17,5 millionar kroner i høve til 1978. Av summen til idrettsformål gjekk 90,3 millionar kroner til idrettsanlegg. I alt 774 anlegg fekk stønad i 1979, m.a. 47 idrettshallar, 22 symjehallar og 63 samfunnshus.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 125. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, er det fjerde og siste i denne valgperioden.

Trontalen som nå er forelagt Stortinget, bærer fortsatt preg av at Norge er i en særstilling i den industrialiserte delen av verden.

De mange betydelige saker som Regjeringen tar sikte på å framlegge for Stortinget, forteller oss at vi fortsatt har muligheter som få andre land. Det er all grunn til for oss alle å være glade og takknemlige for det i en verden som mer og mer preges av store økonomiske og strukturelle problemer.

Den store usikkerhet og utrygghet for oss

her i Norge føles vel sterkest ved utviklingen av den internasjonale situasjonen det siste året. Det som skjedde i Afghanistan, den militære konflikt i området rundt Den persiske gulf og situasjonen med den fortsatt uløste konflikten mellom Israel og de arabiske land er alvorlige tilbakeslag for arbeidet for avspenning og fred.

Den sterke vekst i rustningene overalt i verden bekymrer stadig flere og føles mer og mer meningsløs i en verden som er preget av fattigdom, av menneskelig nød og av stadig voksende flyktningstrømmer.

Regjeringen kan regne med Stortingets fulle støtte i alle bestrebelser for å bidra til å dempe konflikter og å legge forholdene til rette for en avspenning som kan gi oss en tryggere verden å leve i.

Stortingets ansvarsfulle gjerning vil hver enkelt representant måtte ta med seg inn i hverdagens arbeid også i den nye stortings-sesjonen. Vi vil gå til vårt arbeid i håp om å være til nytte for vårt lands framgang, dets vekst og sikkerhet. Vi vil støtte alle tiltak for å bedre forholdene i den verden som omgir oss, og som mer og mer angår oss. Og vi vil begynne vårt arbeid i det 125. ordentlige Storting med det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.